

MØTEPROTOKOLL

Mellombels fellesnemnd

Dato: 25.08.2017 kl. 9:30 – 11:00
Sted: Kommunestyresalen
Arkivsak: 17/00509

Tilstede: Hans Erik Ringkjøb (Ap), Sigbjørn Hauge (Sp), Bjørg Djukastein (Ap), Jorunn Ytrefjord (V), Knut Ståle Kvissel (Frp), Ingebjørg Winjum (V), Hans Jakob Mæland (H), Annlaug Hauge SÅkvitne (Sp)

Møtende varamedlemmer: Martin Hamre for Annlaug Hauge SÅkvitne i sak 25/17.

Forfall:

Andre: Trude Letnes, Else Berit Kyte, Asbjørn Nilsen, Rune Magnar Røthe

Protokollfører: Målfrid Sivertsen

SAKSKART		Side	
Godkjenning av innkalling			
Godkjenning av protokoll			
4/17	17/00509-41	Godkjenning av protokoll	3
Informasjon			
7/17	17/00509-42	Informasjon til møte 25.08.2017	4

Saker til handsaming			
23/17	15/01686-25	Eablering av ny kommune - oppfylging av intensjonsavtale og inndelingslova § 25 og § 26	5
24/17	17/00516-44	Møteplan haust 2017	7
25/17	17/00516-48	Prosjektleiing 25.08.2017	8
Referatsaker			
1/17	17/00516-46	Administrative ressurser og infrastruktur for fellesnemnda Nye Voss	9
2/17	17/00527-2	KS-Rapport : Konsekvenser av å endre kommunenummer	9
3/17	17/00516-47	Økonomiske virkemiddel i kommunereformen	9
4/17	15/01686-23	Tilskot til infrastrukturtiltak i kommunar som slår seg saman	9
5/17	17/00516-45	Vurdering kring prosess, harmonisering av lokale forskrifter	9

Voss, 25.08.2017

møteleder

Godkjenning av innkalling

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Godkjenning av protokoll

4/17 Godkjenning av protokoll

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Mellombels fellesnemnd	25.08.2017	4/17

Administrasjonen si innstilling:

Protokoll frå møte 23.06.2017 vert godkjent.

Møtebehandling

Det var ingen merknader.

Votering

Vedtak

Protokoll frå møte 23.06.2017 vart godkjent.

[Lagre]

Informasjon

7/17 Informasjon til møte 25.08.2017

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Mellombels fellesnemnd	25.08.2017	7/17

Møtebehandling

Ordfører Hans Erik Ringkjøb orienterte om felles kommunestyremøte med fylkesmannen onsdag 30.08.2017.

Rådmann Trude Letnes orienterte om arbeidet med tilsetting av prosjektmedarbeidar og plankoordinator.

Nemnda ønskjer sak om mandat m.m. for arbeidsgruppene til neste møte.

[Lagre]

Saker til handsaming

23/17 Etablering av ny kommune - oppfylging av intensjonsavtale og inndelingslova § 25 og § 26

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Mellombels fellesnemnd	25.08.2017	23/17
2 Kommunestyret	30.08.2017	41/17

Administrasjonen si innstilling:

1. Den nye kommunen skal heite Voss. Fram til 1.1.2020 skal kommunen omtalast Nye Voss.
2. Nye Voss skal organiserast etter formannskapsmodell og ha 43 medlemmer i kommunestyret og 9 medlemmer i formannskapet.
3. Det skal etablerast ei fellesnemnd i samsvar med Inndelingslova § 26. Fellesnemnda skal ha dei same medlemmene som mellombels fellesnemnd.
4. Indre Hordaland revisjonsdistrikt blir vald som revisor for Fellesnemnda.
5. Det blir etablert eit partsamansett utval for saker som gjeld tilhøvet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.
6. Fellesnemnda sine oppgåver og fullmakter blir vedteke slik dei kjem fram i saka.

Møtebehandling

Mellombels fellesnemnd kom med framlegg om Voss herad som namn på nye Voss.

Votering

Administrasjonen si innstilling med fellesnemnda sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

Tilråding:

1. Den nye kommunen skal heite Voss herad. Fram til 1.1.2020 skal kommunen omtalast Nye Voss.
2. Nye Voss skal organiserast etter formannskapsmodell og ha 43 medlemmer i kommunestyret og 9 medlemmer i formannskapet.
3. Det skal etablerast ei fellesnemnd i samsvar med Inndelingslova § 26. Fellesnemnda skal ha dei same medlemmene som mellombels fellesnemnd.
4. Indre Hordaland revisjonsdistrikt blir vald som revisor for Fellesnemnda.

5. Det blir etablert eit partsamansett utval for saker som gjeld tilhøvet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.
6. Fellesnemnda sine oppgåver og fullmakter blir vedteke slik dei kjem fram i saka.

[Lagre]

24/17 Møteplan haust 2017

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Mellombels fellesnemnd	25.08.2017	24/17

Administrasjonen si innstilling:

Fellesnemnda og partssamansett utval skal halde møte

29. september 2017

27. oktober 2017

24. november 2017

15. desember 2017

Møtebehandling

Møtet 24.11.2017 vert flytta til 17.11.2017.

Det er ønskje om utsending av sakspapir torsdag.

Votering

Administrasjonen si innstilling med endring vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fellesnemnda og partssamansett utval skal halde møte

29. september 2017

27. oktober 2017

17. november 2017

15. desember 2017

[Lagre]

25/17 Prosjektleiing 25.08.2017

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Mellombels fellesnemnd	25.08.2017	25/17
1 Partssamansett utval	25.08.2017	6/17

Administrasjonen si innstilling:

Saka vert lagt fram til drøfting.

Møtebehandling

Møtet kjende repr. A. Haugse Såkvitne og Knut Ståle Kvissel ugilde.
Vararepr. Martin Hamre tok sete for A. Haugse Såkvitne.
Møtet vart lukka jfr. kommunelova § 30.2 og 3.

Med grunnlag i tidlegare drøftingar om modell for prosjektleiing og rådmann for nye Voss, vart det lagt fram utkast til avtale med rådmann Einar Hauge.
Avtalen legg til grunn ein modell der fellesnemnda rekrutterer prosjektleiar for samanslåinga og at vedkomande skal bli rådmann i Nye Voss.

Votering

Avtalen mellom rådmann Einar Hauge og Voss kommune/Nye Voss vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Det skal tilsetjast prosjektleiar for samanslåinga mellom Voss og Granvin og vedkomande skal verta rådmann i Nye Voss
2. Avtalen mellom rådmann Einar Hauge og Voss kommune/Nye Voss vart godkjent

[Lagre]

Referatsaker

Saknr	Arkivsak	Tittel
1/17	17/00516-46	Administrative ressurser og infrastruktur for fellesnemnda Nye Voss
2/17	17/00527-2	KS-Rapport : Konsekvenser av å endre kommunenummer
3/17	17/00516-47	Økonomiske virkemiddel i kommunereformen
4/17	15/01686-23	Tilskot til infrastrukturtiltak i kommunar som slår seg saman
5/17	17/00516-45	Vurdering kring prosess, harmonisering av lokale forskrifter

Referatsakene vart drøfta.